

		Kassen		Bank		Varekonto kjøpeskate	
		DEBIT	KREDIT	DEBIT	KREDIT	DEBIT	KREDIT
1964							
oktober	Overført	314280,33	328354,78	144115,48	180044,05	172921,45	
	Transport av dyr osv. pr.	296	✓62,50				
	Løner eller liste	297	✓7890,05				
	Bet. skattebukk	298	✓8830,-				
	Kjøper av innbet. konto	299	✓10835,92				
	Bet. Uskedal Samvirkelag f. hus.	300	✓654,-				
	" " " "	301	✓218,75				
	" Uskedal Myklebust f. hus	302	✓50,-				
	Varebransje for Vestl. Salslag f. hus	303					
	Arne M. Myklebust byggpenger	304	✓294,25				
	Sigvald bet. brukt kjøper	305	✓900,-				
	" " " " " " " "	306	✓94,85				
	Bet. G. Fokland bilbatteri	307	✓28,75				
	Bet. Nr 130 + ferjetickettar	308	✓10,-				
	" " " " " " " "	309	✓2,-				
	" m. 126/1962 j. l. postning	310	✓2599,67				
	Bet. Sunde bet. for kom. betyggelse	311	✓446,72				
	Ungtka Sunde bet. bilbatterifart bank	312	✓83,05	✓83,05	✓83,05		
				✓83,05	✓83,05		
		327780,33	357955,20	144192,53	180044,05	172921,45	
		317190,79					

Utsnitt av dei siste tala i rekneskapsprotokollen til Kvinnherad Slakteri

Det kjem etter kvart fram fleire minne frå den tida då dagens vertshus i Uskedalen var slaktehus. I samband med at huset no har "vorte nytt" og er gjenopna har Trond Myklebust lånt ut ein rekneskapsprotokoll til eigaren, Røssland

Trond har hatt protokollen fordi bestefaren hans, Torger H. Myklebust, var styreformann i selskapet som overtok anlegget etter at også Vestlandske Salslag forjeves hadde freista å driva det med overskot. Protokollen har lege på garden.

Slakteriet, som starta i 1959. heitte Kvinnherad Slakteri og protokollen dekkjer perioden frå januar 1963 til oktober 1964.. Men om dette er den aller siste protokollen frå den første driftsperioden har det ikkje lukkast oss å finna ut.

Røssland takkar for utlånet og lovar å plassera dette eineståande historiske minnet i ein monter i inngangspartiet saman med andre gjenstander som fortel om historia til huset. For sjølv om også Vertshuset har gått inn i ei ny tid, er det viktig å få med dei historiske tradisjonane.

Rekneskapsprotokollen gjev også en interessant glytt inn i Uskedal-samfunnet slik det var for rundt 50 år sidan og prisnivået står her sentralt. Slakteriet sine bilar har fylt bensin hos fleire, til dømes hos F. Sunde og på Samyrkelaget og betalt rundt 30 kroner kvar gong..

Og så går det fram at styreformann Sigvald Eik i det minste har fått dekt utgiftene sine.

Er det fleire som har interessante minne eller opplysningar om Slaktehuset?

Av Ola Matti Mathisen

Kvinnherad Slakteri — Uskedalen

Telefon 7215 — VAREADRESSE: MYKLEBUST

B. Nordhinn
Ref. 40,00

Merkelapp frå Kvinnherad Slakteri som Trond Myklebust også har lånt ut til Vertshuset.